

---

**Frå:** Haakon Aase <haa-aase@online.no>  
**Sendt:** torsdag 23. mai 2019 15:50  
**Til:** Eirik Bouwer Utne  
**Kopi:** 'Arnt Brakstad'; Bjørnar Norvald Langeland; Eli Hillsersøy; Haakon Aase; Helene Olli Sollid; Kjersti Langenes Bøen; Marie Morken; Åse Grønsnes; Åsmund Aase Fluge  
**Emne:** VS: ELIAS HUSET

**Oppfølgingsflagg:** Flag for follow up  
**Status for flagg:** Flagga

Hei!

Eg viser til melding frå Arne Mjåtveit som du kan lesa under. Reknar med at det er rett som han seier, at det er gjort eit vedtak om rivingsløyve. Er det i så fall eit politisk eller eit administrativt vedtak? Eg må seia at det overraskar meg stort at vi i Meland Mållag ikkje har blitt informert i det heile om eit slikt vedtak, særleg med tanke på det skal vera sett ein frist som skal gjelda oss!

Vi har jo søkt Meland kommune om økonomisk hjelpe til å få gjennomført ein grundig dokumentasjon av huset, og du opplyste meg at den søknaden skulle behandlast i slutten av mai d.å. Der er vi ikkje heilt enno, etter mi tidsrekning. Det undrar meg også noko at dei som har behandla søknaden om riving, ikkje har teke omsyn til at det frå Sogelaget og Mållaget er meldt inn sterke samfunnsinteresser i saka.

Viss det no blir lagt opp til ei framdrift i rivingssaka som gjer det vanskeleg eller uråd for oss å førebu vårt prosjekt om å ta vare på Elias Mjåtveit-huset, finn vi det sterkt kritikkverdig.

Dersom ikkje vi får tid og høve til i det minste å dokumentera huset grundig, slik vi har lagt opp til, reknar vi det som sjølvsagt at ei slik dokumentasjonsoppgåve blir lagt som eit vilkår eigar må oppfylla før riving vert gjennomført, slik som vanleg er når det er tale om riving av verneverdige bygg.

Frå ein kulturståstad er det å forvalta minnet om – og dei fysiske spora etter – diktaren, filosofen og musikaren Elias Mjåtveit, og andre som han, like viktig for kommunen vår og for regionen vår som å ta vare på diktarheimar av nasjonalt kaliber som t.d. Aulestad. Ein skulle tru at ikkje minst Alver kommune vil ha eit sterkt behov for å markera ein kulturell profil ved inngangen til si tid.

Eg bed elles om å få eit møte med deg på mandag den 27.05.19.

Med venleg helsing  
Haakon Aase  
Leiar i Meland Mållag

---

**Fra:** Bjørnar Langeland <[bnlangel@online.no](mailto:bnlangel@online.no)>  
**Sendt:** torsdag 23. mai 2019 13:44  
**Til:** Haakon Aase <[haa-aase@online.no](mailto:haa-aase@online.no)>  
**Emne:** Fwd: ELIAS HUSET

Hei Haakon!  
Svarar du på dette?

Bjørnar

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

**Fra:** Arne Mjåtvæit <[arnemjaa@gmail.com](mailto:arnemjaa@gmail.com)>

**Dato:** 23. mai 2019 kl. 11.18.51 CEST

**Til:** [bnlangel@online.no](mailto:bnlangel@online.no)

**Emne: ELIAS HUSET**

Hei igjen !

Nå lurte vi på hvor langt Sogelaget/Målaget har kom med planer, ikke planer ang.

Elias Huset.

Har 3 Hus Bevaring vert og tatt ny vurdering på huset ?

Er det noe å ta vare på ? Og ikke minst vist det er det , har Sogelaget/Målaget planer og mannskap til å plukke det ned.

Som dere sikkert er kjent med så har Meland Kommune gitt løyve å rive det og gitt dere frist til å komme med en gjennomføringsplan innen 25/5 -19

Imøteser svar fra Dere snarest !

Mvh for Marion Mjåtvæit.

Arne Mjåtvæit

Sendt fra min iPad